

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Knarvik 17. september 2015

Deres ref: 12/388 SL HWH/KR

Høyringsuttale - forslag om å fjerna eigedomskatten på verk og bruk

Finansdepartementet har i brev 18. juni 2015 sendt på høring forslag om å endra eigedomsskatt på verk og bruk. Høringsfristen er 18. september 2015.

Denne saka vart handsama i Regionrådet møte 5-2015, fredag 11. september 2015. Alle kommunane i Regionrådet i Nordhordland står bak kravet om at føreslalte regelendringar for eigedomsskatt på verk og bruk ikkje kan setjast i verk. Regionrådet støttar uttalar som er kome enkeltvis frå våre eigarkommunar og me støttar fullt ut uttalar frå bl.a. Nettverk av Petroleumskommunar og frå LVK.

Regionrådet vil peika på at dette råkar kommunane hardt, minst 1,2-1,4 mrd. på landsbasis, og nokre av våre kommunar er blant dei som vert hardast råka. Staten vil få vinst i auka skatteinntekter, og Statoil, Statkraft og Statnett vil spara mest på dette.

I desse dagane førebud ein t.d. røyrleidning frå Johan Sverdrup til Mongstad. Dette vil krevja store areal, også der røyrleidninga er i tunnel, og det gir beslag på store område som ikkje kan nyttast til noko anna. Det same gjeld for kraftlinjer. Kommunane bør få noko att for å stilla areal til disposisjon, viss ikkje vil det bli uinteressant for kommunane å stilla opp. Utan skatteinntekter vil ikkje lokalsamfunna seia ja til desse utbyggingane. Dersom forslaga til endringane skulle bli innført, vil også eigedomsskatt på vindkraft falla bort, og det vil bli endå mindre interessant for kommunane å vera med på ei utbygging og satsing.

Konklusjon

Regionrådet i Nordhordland går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er føreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Regionrådet i Nordhordland sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomité for vidare utgreiing.

Regionrådet i Nordhordland krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

Knarvik, 17. september 2015


Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Regionrådet

Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden,
Meland, Modalen, Osterøy, Radøy


Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingselskap IKS



Per Lerøy
Ordførar i Austrheim




Kristin Handeland
Ordførar i Fedje



Hallvard Oppedal
Ordførar i Gulen




Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar i Lindås



Karstein Totland
Ordførar i Masfjorden




Nils Marton Aadland
Ordførar i Meland



Knut Moe
Ordførar i Modalen



Kari Aakre
Ordførar i Osterøy



Jon Askeland
Ordførar i Radøy

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland (9)
Fylkesmannen i Hordaland, postmottak